



Helse- og omsorgsdepartementet
postmottak@hod.dep.no

Dykkar ref.

Vår ref.
2014/174 - 9344/2014

Saksh. – tlf.
Unni Rygg - 55097155

Dato
29.04.2014

Høringsuttale - Reservasjonsordning for fastlegar

Kommunestyret i Fjell behandla høyringa «Reservasjonsordning for fastlegar» på møtet 24.04.14, sak 42/14. Kommunestyret vedtok følgjande høringsuttale:

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014:

1. Fjell kommune meiner at avgjerda om reservasjonsmogelegheit for fastlegen må takast av Stortinget og ikkje av kommunane. Dette vil sikra lik praksis for pasientar og helsepersonell over heile landet. Det vert kommunen si oppgåve å sjå til at Stortinget sitt vedtak vert gjennomført på ein god måte i Fjell kommune.
2. Fjell kommunestyre tek avstand frå forslaget om å innføra ein reservasjonsrett for legar.

Med helsing

Unni Rygg (s)
Saksbehandlar i Fjell kommune

Vedlegg: utvalsaksnr. 42/14



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/14	Komité for drift	08.04.2014
42/14	Kommunestyret	24.04.2014

Høyringsuttale - Reservasjonsordning for fastlegar

Samandrag av saka:

Politisk arbeidsutval (PAU) avgjorde i møtet 18.02.14 at helsesjefen skulle legge fram høyringssak, om reservasjonsordning for fastlegar, til politisk behandling.

Høyringsnotatet viser til at helse- og omsorgsdepartementet foreslår å opne for at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ønskjer å tilvise kvinner til abort.

Høyringsfristen er onsdag 30.april 2014.

Innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Straume, den 17.03.2014

Steinar Nesse
Rådmann

Steinar Nesse
rådmann

Handsama i Komité for drift - 08.04.2014:

Sveinung Vethe (AP) kom med følgjande framlegg:

Komité for drift (KD) sender høyringssaka PS 20/14 «Reservasjonsordning for fastlegar» til kommunestyret for behandling.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Komité for drift - 08.04.2014:

Komité for drift (KD) sender høyringssaka PS 20/14 «Reservasjonsordning for fastlegar» til kommunestyret for behandling.

Handsama i Kommunestyret - 24.04.2014:

Framlegg frå Torgeir Benjamin Nyborg (FrP):

«Fjell kommune mener at beslutningen om reservasjonsmulighet for fastlegen må tas av Stortinget og ikke av kommunene. Dette vil sikre lik praksis for pasienter og helsepersonell over hele landet. Det blir kommunens oppgave å se til at Stortingets vedtak blir gjennomført på en god måte i Fjell kommune.»

Framlegg frå Odd Bjarne Skogestad (KrF):

«Fjell kommune vil peke på følgende

1. Pasienters rettigheter ut fra norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knyttet til spørsmål om liv og død må likevel anerkjennes, og så langt som mulig tas hensyn til.
2. Det er grunnleggende viktig for et demografisk flertall også å anerkjenne at et mindretall kan ha legitime samvittighetsutfordringer i spørsmål som flertallet ikke anser som problematiske.
3. det er allment anerkjent at helsepersonell kan reservere seg mot å delta i abortinngrep. En tilsvarende mulighet bør også finnes for fastleger i spørsmålet om å henvise til abortinngrep og i andre spørsmål som omhandler liv og død.
4. En slik reservasjonsmulighet bør hjemles i lov eller forskrift og ikke overlates til kommunene.
5. Det bør fremdeles være en forutsetning at det finnes et tilstrekkelig antall leger i rimelig nærhet som kan ivareta disse oppgavene.
6. Det understrekes at kommunens holdning i denne saken utelukkende handler om muligheten til reservasjon og ikke om abortlovgivning.»

Framlegg frå Høgre v/Ernst Einarsen:

«

1. Avgjerd om reservasjonsrett for fastlegane er ei så prinsipielt viktig sak at den bør avgjerast sentralt, og ikkje av kvar einskild kommune. Dette for å sikre at utfallet ikkje skal bli tilfeldig og til dømes uoversiktleg. Fjell kommune finn det likevel rett å signalisere at eit fleirtal i kommunestyret ikkje ønskjer å opne for den endringa som er grunnlaget for denne høyringa.
2. Dersom Stortinget likevel vel å lovfeste reservasjonsrett, er det viktig at ei eventuell sentral avgjerd gjer rom for eigne ordningar etter lokale tilpassingar i den enkelte kommune. Dette av di kommunane i Noreg er ulike både av omsyn til storleik og geografisk utstrekning. For Fjell kommune sin del, er det ønskjeleg med følgjande ordning:

- Skal ein lege kunne reservera seg mot å tilvisa til abort, må det i forkant føreliggja ein skriftleg avtale med ein eller fleire kollegaer på same legekantor om at denne overtek konsultasjonen straks. Det er ikkje godt nok at pasienten får time på eit seinare tidspunkt. Konsultasjonen skal gjennomførast i same tidsrom som opphavleg bestilt.
- Det må koma tydeleg fram i Helfo sine fastlegelister at legen har reservert seg mot aborttilvisingar.
- Det bør også vera mogeleg for pasientar å skifta fastlege ein gong ekstra pr. år dersom legen har reservert seg mot aborttilvisingar.»

Framlegg frå Arbeidarpartiet v/Eva Vik:

«Fjell kommunestyre mener at dette er en viktig prinsippsak som bør avgjøres sentralt og ikke av hver enkel kommune. Dette for at utfallet ikke skal bli tilfeldig og uoversiktlig.

Fjell kommunestyre ønsker en kommunehelsetjeneste som setter pasientrettighetene først. Vi ønsker ikke at fastleger skal kunne reservere seg mot henvisning til abort. Fjell kommunestyre mener regjeringens forslag om dette er å innføre en ordning som tilgodeser leger på bekostning av pasienten. Enhver endring skal være til pasientens beste.

Ifølge lovforslaget må fastleger som ønsker seg reservasjon inngå en avtale med en annen lege som kan ta over abortsøkende pasienter. I tillegg til å informere om at en kan oppsøke sykehuset direkte uten henvisning fra fastlege. Pasienter hos en fastlege som har inngått avtale med kommunen om reservasjonsrett skal informeres, men det er uklart om dette gjelder fra avtalen inngås eller om pasientene skal informeres regelmessige. Dersom førstnevnte er tilfelle har lovforslaget en klar svakhet i retts- og pasientsikkerheten, fordi unge jenter og kvinner risikerer å være uvitende registret hos en fastlege som ikke vil henviser til abort. Dette er også problematisk ettersom alle jenter under 16 år automatisk får den samme fastlegen som sin mor og sjeldent blir informert om adgangen til å bytte fastlege.

Lovforslaget er dramatisk fordi de utfordrer retten til selvbestemt abort, samt ikke tar innover seg formålet med fastlegeordningen. Fastlegeordningen skal sikre alle får nødvendige allmennlegetjenester av god kvalitet, til rett tid og at personer bosatt i Norge skal få en fast allmennlegen å forholde seg til. Formålet svekkes, dersom en kvinne ikke kan oppsøke sin fastlege vedrørende abort.

Lovforslaget tar ikke innover seg at 52 % av norske kommuner har under 5000 innbyggere, og derfor er muligheten til å bytte fastlege begrenset for en betydelig andel av landets befolkning. En fastlege kan maksimalt ha 2500 pasienter, og på små steder vil det være vanskelig eller umulig å bytte fastlege.

Praksisen med henvisningsnekt er ulovlig. Vi oppfordrer regjeringen til å rydde opp i lovbruddene, tilby reservasjonsleger andre stillinger innenfor helsevesenet fremfor å sende regningen for deres samvittighet og lovbrudd til kvinner i en fra før av sårbar situasjon.

Fjell kommunestyre mener at:

- Reservasjonsretten må avvises
- Tiltak for å kartlegge ulovlig reservasjonspraksis styrkes
- Ulovlig reservasjonspraksis sanksjoneres.»

Møtet vart heva for gruppeleiar møte.

Etter gruppemøtet presenterte Tom Georg Indrevik **følgjande fellesframlegg:**

Punkt 1:

Fjell kommune meiner at avgjerda om reservasjonsmogelegheit for fastlegen må takast av Stortinget og ikkje av kommunane. Dette vil sikra lik praksis for pasientar og helsepersonell over heile landet. Det vert kommunen si oppgåve å sjå til at Stortinget sitt vedtak vert gjennomført på ein god måte i Fjell kommune

Punkt 2: To alternative framlegg:

Alt 1- Fjell kommunestyre tek avstand frå forslaget om å innføra ein reservasjonsrett for leger.

Alt 2 - Fjell kommunestyre rår til at fastlegar skal ha høve til å reservera seg i spørsmål om å tilvise til abort inngrep.

Det vart røysta over punkta slik:

Punkt 1 vart **samrøystes** vedteke.

Alt 1 og alt 2 i punkt 2 vart sett opp mot kvarandre og røysta over.

Alt 1 vart **vedteke med 39** mot 6 **røyster** (mindretal Krf 4 og Frp 2)

Desse hadde ordet i saka:

Trude Farstad, John Hardang, Eva Vik, Torgeir Benjamin Nyborg, Berit Andersen, Liv Urhaug, Odd Bjarne Skogestad, Kirsten Syljeset, Ernst Einarsen, Ranveig Frøiland, Sveinung Vethe og Bjarte Haugstvedt.

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014:

3. Fjell kommune meiner at avgjerda om reservasjonsmogelegheit for fastlegen må takast av Stortinget og ikkje av kommunane. Dette vil sikra lik praksis for pasientar og helsepersonell over heile landet. Det vert kommunen si oppgåve å sjå til at Stortinget sitt vedtak vert gjennomført på ein god måte i Fjell kommune.
4. Fjell kommunestyre tek avstand frå forslaget om å innføra ein reservasjonsrett for legar.

Dokument vedlagt saka:

Elektronisk lenkje til høringsdokumenta på Helse- og omsorgsdepartementet sine nettsider:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/horing---reservasjonsordning-for-fastleg/horingsbrev.html?id=749568>

Saksopplysningar:

Politisk arbeidsutval (PAU) har bedt helsesjefen om å utarbeide ei høyringssak til politisk behandling, om høyringa «*Endringer i helse- og omsorgstjenesteloven og i pasient- og brukerrettighetsloven (hjemmel til å gi forskrifter om reservasjonsmulighet for fastleger og rett til å skifte fastlege ved reservasjon)*». Helsesjefen har teke utgangspunkt i høyringsnotatet sitt hovudinnhald som vert gjeve att nedanfor, og har kome med merknader til det frå ein fagleg ståstad.

Høyringsnotatet sitt hovudinnhald er at helse- og omsorgsdepartementet føreslår ei tilføyning i helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 tredje ledd. Tilføyninga skal gje heimel til forskrifter om moglegheit for fastlegar til å reservere seg mot tilvising og behandling ved alvorlige samvitskonfliktar knytt til liv og død. Med alvorlige samvitskonfliktar knytt til liv og død meinast fyrst og fremst abort. Heimelen vil likevel òg omfatte forskrift om reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli tillate. Heimelen skal ikkje omfatte forskriving eller innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befruktning.

Vidare foreslår departementet ei endring i pasient- og brukarrettslova § 2-1 c fjerde ledd. Endringa skal gje grunnlag for forskrifter om utvida rett til å skifte fastlege for pasientar som står på liste hos en fastlege som har reservert seg mot tilvising til abort.

I høyringsnotatet foreslår departementet også endringar i fastlegeforskrifta (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordninga i kommunane) og i forskrift om pasient- og brukarrettar i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr. 843). Kommunar skal få høve til å inngå avtalar med fastleger om at desse kan reservere seg av samvitsgrunnar mot å tilvise kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må sørge for at kvinner på hans eller hennes liste som vurderer eller ynskjer tilvising til abort, får tilbod om konsultasjon hos ein annan fastlege i nærleiken seinast innan neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han eller ho har inngått ei skriftleg avtale med en kollega som forpliktar seg til å ta imot og tilvise dei aktuelle kvinnene. Fastlegen som har reservert seg skal også informere kvinner på sin liste som vurderer eller ynskjer tilvising til abort om at dei kan ta kontakt direkte med sjukehuset utan tilvising frå fastlege. Personar som står på lista til ein fastlege som reserverar seg, skal få rett til å skifte til en fastlege som ikkje har reservert seg. Dette skiftet skal ikkje regnes som et skifte etter reglene om inntil to skifter per kalenderår. Før kommunen kan inngå en avtale om reservasjon, må den forsikre seg om at det er andre fastleger i nærleiken med opne lister slik at dei som ynskjer det kan skifte til en fastlege som ikkje har reservert seg. Fastlegen skal informere alle sine eksisterande listeinnbyggjarar om reservasjonsavtala straks avtala er inngått. Kommunen skal sørge for at alle innbyggjarane får informasjon om kva legar som til ein kvar tid har reservert seg slik at innbyggjarane er kjent med det når de skal velje fastlege. Dette kan for eksempel gå fram av nettsida for skifte av fastleger – MinFastlege.

Forslaga i denne høyringa er ei oppfølging av Regjeringa si samarbeidsavtale med KrF der partane vart samde om at det skal gjevast reservasjonsmoglegheit for fastlegar etter dialog med Den norske legeforeining. Avtala er følgt opp i Regjeringsplattforma.

Helsesjefen sine faglege innspel til komiteen:

I utgangspunktet er dette ei prinsipielt viktig sak som bør avgjerast sentralt og ikkje av kvar enkelt kommune. Dette for at utfallet ikkje skal bli tilfeldig og til dømes uoversiktleg. Samstundes er det viktig at ei eventuelt sentral avgjerd gir rom for egne ordningar etter lokale tilpassingar i den enkelte kommune. Dette av di kommunane i Noreg er ulike både av omsyn til storleik og geografisk utstrekning.

Fjell kommune har pr. i dag 17 fastlegar. Ingen av desse har ytra ynskje om å reservere seg mot å tilvisa pasientar til abort. Reservasjonsrett for fastlegar har vore diskutert i fastlegekorpset og der kjem det fram at ein slik reservasjonsrett ikkje vil vera problematisk å praktisk gjennomføra ved eventuelle ynskje om reservasjon i framtida ved til dømes nytilsetjingar. Skal ein lege kunne reservera seg mot å tilvisa til abort, må det i forkant føreliggja ein skriftleg avtale med ein eller fleire kollegaer på same legekantor om at denne overtek konsultasjonen straks. Det er ikkje godt nok at pasienten får time på eit seinare tidspunkt. Konsultasjonen skal gjennomførast i same tidsrom som opphavleg bestilt. I tillegg må det tydeleg koma fram i Helfo sine fastlegelister at legen har reservert seg mot aborttilvisingar. Det bør også vera mogeleg for pasientar å skifta fastlege ein gong ekstra pr. år dersom legen har reservert seg mot aborttilvisingar.

Helsedirektoratet si kartlegging av reservasjonspraksis viser at enkelte fastlegar let si personlege overtyding prega konsultasjonen. Dette kan medføra ubehag for pasienten. I slike høve kan det vere betre for begge partar om ein er open om problemstillinga og overlét konsultasjonen til ein lege som ikkje har samvitskvalar omkring tilvising til abort. Om endring i fastlegeforskrifta, som vil opne for reservasjonsmoglegheit for fastlegar, er ei tenleg løysing på utfordringa med noverande reservasjonspraksis kan rådmannen ikkje ta prinsipiell stilling til men bør avgjerast politisk.